



Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon – Sogn og Fjordane
Besøksadresse: FI-senteret, Fjellvegen 10
Postadresse: Postboks 25, 6801 Førde
Telefon: 57 82 49 41, Epost: fylkeskontoret@ffosogn-fjordane.no

Tilrettelagd transport må styrkjast

Uttale frå årsmøtet i FFO Sogn og Fjordane 1. april 2017

Tilrettelagd transport (TT) er ei transportordning for funksjonshemma og eldre, som ikkje kan nytta seg av dei ordinære kollektive transporttilboda. Det er fylkeskommunen som finansierer TT-ordninga, medan det er kommunane som plukkar ut brukarane som kan nytta seg av ordninga. Etter retningslinjer vedtekne av fylkeskommunen.

Årsmøtet i FFO Sogn og Fjordane hadde TT-ordning oppe til drøfting. Der kom det fram at det er grupper av funksjonshemma som ikkje får høve til å nytta seg av tilrettelagd transport, samt at ordninga ikkje fungerer slik ho skal rundt om i kommunane.

Dei siste åra har det også skjedd endringar som gjer at gruppa som har behov for tilrettelagd transport blir større. Dei helsebaserte reglane for førarkort er skjerpa inn, slik at folk med ulike sjukdomar heretter ikkje får behalda førarkortet. I mange tilfelle betyr det at dei må basera seg på TT-ordninga.

I Sogn og Fjordane vil heile kollektivtilbodet blir drifta etter anbodskonkurransar i løpet av sommaren 2017. Dette betyr i praksis at selskapa som får tilslaget vil ha større krav til inntening på rutene sine, enn i det gamle systemet. Noko som kan føra til at ulønsame ruter i utkantane blir avvikla.

FFO Sogn og Fjordane ber fylkeskommunen og kommunane sørgja for at funksjonshemma og eldre ikkje blir dei skadelidande som følgje av dei nemnde endringane. FFO ber også kommunane trekkja med seg råd for funksjonshemma og eldreråd i arbeidet med å planleggja og dimensjonera TT-tilbodet.

Førde 03.04.17

For Årsmøtet i FFO Sogn og Fjordane